
Fra: jostein <jotjore@hotmail.com>
Sendt: mandag 28. august 2017 00.08
Til: oddvar@nmvskre.no; Bente Kopperdal Hervik; Askeland, Jon
Emne: Arbeidsgruppa for Folkemuseum/kultursenter i Tjorehagen
(Feilmelding på e-postadressa til Kåre Vetås frå innposten)

Radøy kommune
Ved ordførar Jon Askeland
Radøyvegen 1690,
5936 Manger

E-post: <<mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no>>
jon.askeland@radoy.kommune.no

Folkemuseum og kultursenter m.m. i Tjorehagen.

Viser til e-post av 7. august 2017. På bakgrunn av det som kom fram på møtet mellom Radøy kommune og Stiftinga kan det vera nyttig med nokre utfyllande opplysningar om arbeidet til **Arbeidsgruppa for folkemuseum/kultursenter i Tjorehagen**. Viser elles til brev til Rk attende til 1990-talet og før.

Oddvar Skre er på konferanse i Moskva og vil følgja opp framlegget frå Jon Askeland. Det er elles ikkje venta at Jon Askeland får tid til å lesa dette brevet før Stortingsvalet "har sett seg." Brevet er diverre prega av at det er lettare å skriva langt enn kort.

Olavs planar for utbygging av Tjorehagen til folkemuseum/kultursenter m.m. går klårt fram av reguleringsplanen for Tjorehagen. Det finst og mange arkitektskisser i samsvar med reguleringsplanen med ei trinnvis utbygging. Olav hadde fått tilbod på antikvariske bygningar, jordbruksreiskapar, folkekunst m.m.som avspeglast tydeleg i reguleringsplanen. Det er og klårt at kommunens reguleringsplan for areala inntil hagen og grunnlagsinvesteringane er tilpassa utbygging til ein større institusjon.

Olav tenkte mykje på korleis Tjorehagen skulle sikrast for framtida. Han leita heile tida etter **fleire bein å stå på for hagen**. Planen for utbygging av den botaniske delen med natursti m.m. var hovudgrunnen til kjøpa av nye areal. Mykje av dette arealet er framleis unytta. I tillegg kjem min tidlegare tomt på ca 7.5 mål som vil kunna skøytast inn i Tjorehagen ved museumsutbygging med den botaniske utvidinga.

Det finst mykje skriftleg stoff om planen for **den botaniske utvidinga med natursti** henta inn på initiativ frå Olav m.a. frå synfaringar av botaniske fagfolk frå universitet og museum.

Om arbeidet for folkemuseum/kultursenter i Tjorehagen skriv Arbeidsgruppa i brev av 30. juni 2017 til Radøy kommune, sitat: *"Utbygging på **fire breie felt** vil gje Tjorehagen fleire bein å stå på. **Museumsutviklarar me har hatt dialog med meiner det trengst om Tjorehagen skal vera liv laga.**"*

Og om arbeidet i Nordhordland for eit breitt folkemuseum/kultursenter for Nordhordland skriv arbeidsgruppa vidare i brevet av 30. juni 2017 til Radøy kommune, sitat:

"Ser me bort frå Osterøy museum, som ligg litt som ein isolert museumskulturstad i Nordhordland, har ikkje Nordhordland makta å reisa nokon liknande institusjon som dei tilsvarande andre landsdelane har reist gjennom dei siste 150-200 åra."

Med sin smålåtne og diplomatiske tone var Olav varsam med kritikk av dette arbeidet. Men han hadde god og detaljert kjennskap til historia og arbeidet til Osterøy museum, Hordamuseet, Historisk museum/ Universitetsmuseet i Bergen, Bryggen museum og til "Frå Fjon til Fusa", og til arbeidet for eit Folkemuseum i Nordhordland. Mi røynsla er at arbeidet allment i Nordhordland for eit folkemuseum var splittande, lite samlande, med til dels sterke motsetningar.

Om dette finst det mykje offentleg dokumentasjon. Dei nemde musea vil og ha opplysningar om dette.

Det er mi røynsla at desse motsetningane på eit vis slo attende på Olav og Olavs arbeid.

Og det er ingen tvil om at han møtte til dels sterk motbør både frå delar av slekta og frå bygdafolk. Han møtte lita interesse for "**å samla på gamle fjøler.**" Hans interesse for kunst, litteratur og folkekunst kunne og ha vanskar med å fengja. Ofte kunne det kjennast som han var litt isolert med planane sine.

Etter initiativ frå Olav vart det inngått avtaler med fleire museum om forvaltning og aktiv formidling av samlingane til materialet kunne få trygg fagleg forvaltning i Tjorehagen. Med fleire store utstillingar på museum i Hordaland og Bergen kom det inn nye gåver til samlingane som vart slege saman i **Olav R. Tjores Samling**. Samlinga tel nå **ca 10.000 arbeid**. Jf dokumentasjonen i brev til Rk. **Mange av våre mest framtreande fagfolk frå museum og universitet hevdar at samlingane åleine tilfredstiller dei nye krava frå staten til eit moderne museum for framtida, jf breva til Rk.**

I samband med utstillingane sende musea innbydingar, pressemeldingar og ulikt bakgrunnsstoff til Stiftinga og Venneforeininga. Museumsutstillingane og museumsplanane fekk stor omtale i fleire aviser i Hordaland og Bergen, m.a. i avisene Nordhordland og Strilen.

Utstillingane fekk også svært positiv omtale av fleire av dei større musea i Hordaland og Bergen og av framstående fagfolk frå universitet og museum også i Oslo, jf breva til Rk. Særleg var det ei vandreutstilling som fekk omtale som eit pionærarbeid i utstillingsarbeid på museum i Noreg.

Stiftinga og Venneforeininga vart fleire gonger oppfordra til å gå inn i arbeidet med å utvida grunnlaget for hagen m.a. med forvaltning og

formidling av samlingane. Men dei svara at dei ikkje hadde kapasitet av di alle krefter gjekk med til å halda hagen ved like. Dei sleit med økonomi og tilgang på dugnadsfolk. Dei såg ingen utveg til nye spor som kunne gje grunnlag for t.d. kommunal eller annan offentleg stønad. Dei meinte det var nyttelaust å søkja.

For eigen del har eg fleire gonger oppfordra Stiftinga til å utvida grunnlaget for hagen og har gjeve symbolsk kr 100.000 til dette arbeidet. Har og gjeve symbolsk kr 10.000 til Radøy kommune.

Stiftinga og Venneforeininga har gjort ein fantastisk innsats med små midlar. Men vegen vidare var naturleg uviss. Arbeidsgruppa for folkemuseum og støttespelarane ønskte å styrkja Tjorehagen og Stiftinga. Det vart oppretta fleire grupper med landets fremste fagfolk frå museum og universitet som var oppglødde over dei historiske samlingane. Dei arbeidde for å finna ei forsvarleg forvaltning med aktiv formidling i Tjorehagen, eventuelt i samarbeid med Osterøy museum, som nå er hovudforvaltar av samlingane. Olav hadde tidleg søkt personleg kontakt med folk frå museum, botaniske institusjonar og universitet som mykje av dette arbeidet bygde på.

Og om arbeidet i Nordhordland for eit breitt folkemuseum skriv arbeidsgruppa vidare i brevet av 30. juni 2017 til Radøy kommune, sitat:

"Men kjernen i saka står også om vern av Nordhordlands historiske kulturarv og identitet.(Jf m.a. Jon Fosse.) Det hastar med aktiv stønad frå Radøy kommune med utbygging av Tjorehagen til folkemuseum og folkekultursenter for å sikra Olav R. Tjores Samling for Nordhordland. Rk må leggja vekt på at det elles er fåre for at **Olav R. Tjores Samling** kan gå ut av både Hordaland, Bergen og Vestlandet."

Kjernen i arbeidet til Arbeidsgruppene og støttespelarane er at både Stiftinga og Radøy komune må finna ei løysing og godkjenna ein utviklingsplan som sikrar faste løyvingar frå Rk, (med andre kommunar i Nordhordland), frå Hordaland fylke og frå staten. Jf. at landets fremste fagfolk frå museum og universitet uttaler at

samlingane åleine skal kunna tilfredstillast krava for statens politikk for eit moderne museum for framtida, jf breva til Rk.

Det som er styrken i opplegget til Arbeidsgruppa og støttespelarane er at dei fire felte, med den botaniske utvidinga, speglar nært av folks historiske daglegliv og arbeidsliv med stor breidde. I dag er det berre Osterøy museum som lever opp til dette sentrale museumskravet, slik det og er nedfelt i UNESCOs retningsliner for framtidas moderne museum.

Kulturverdien av samlingane kan ikkje målast i pengar, men marknadsverdien kan måla seg med kostnaden for eit første utbyggingstrinn av ein utstillingsbygning. Arbeidsgruppa kan truleg og sikra fleire hundre betalende medlemmer, som er god politikk sjøl om det berre er småpengar. "Investorar" har sagt at dei kan gje nokre kroner når planane er offentleg godkjende.

Det er elles mi personlege meining av det bør vera grunnlag for eit sjølstendig initiativ frå Radøy kommune. Diverre er det mi overtyding at hagen ikkje er "liv laga" særleg lenge utan "nye tunge tiltak".

Det er for lenge sidan sala, nå er det dags for å ri. Og øksa ligg ved rota.

Helsingar

Jostein Tjore

0177 Oslo

M 95 80 20 67

E-post:jotjore@hotmail.com